



Saksbehandlar: Audhild Schaathun, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/340-2

Føringar for verkemiddelbruk Innovasjon Norge 2016 - Oppdragsbrev 2016

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner tilsegnsbrev og føringar 2016 – oppdragsbrev til Innovasjon Norge slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2016 slik dei går fram av vedlegg 2.

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Fylkesdirektøren sitt framlegg til føringar for verkemiddelbruk 2016 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane 2016
2. Fylkesdirektøren sitt framlegg til retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2016

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

I denne saka skal hovudutval for næring og kultur vedta føringar for verkemiddelbruk 2016 gjennom eit oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane. Fylkestinget løvde i budsjett 2016 (økonomiplan 2016-2018) 31 mill. kr. i rammeløyving til Innovasjon Norge for 2016. Oppdragsbrevet legg føringar for rammeløyvinga. Det vert seinare utarbeidd eit eige oppdragsbrev om forvalting av midlar frå kap. 551 post 61, kompensasjonsmidlar for høg arbeidsgjevaravgift.

Hovudutvalet vedtok i tilsvarande sak i 2015 ein intensjon om å løyve 10-15 % av midlane frå Statsbudsjettet kap. 551, post 61, kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift, til bedriftsretta tiltak forvalta av Innovasjon Norge. Fylkesdirektøren innser at hovudutval for næring og kultur i 2016, i tråd med handlingsplanen til INU FSF, må redusere denne ambisjonen. Desse midlane skal hovudsakleg nyttast innan kommunane Førde, Sogndal og Flora. Elles gjeld føringane i dette tilsegnsbrevet. Løyvinga vert først gjort gjeldande etter at ramma for 2016 er kjend og handsama av hovudutvalet.

Bedriftsretta verkemiddel

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til etablerarordningar. Fylkeskommunen ønskjer at Innovasjon Norge i det bedriftsretta arbeidet tek ei proaktiv rolle innafor fylkeskommunen sine satsingsområde, og skildrar denne aktiviteten i si årlege rapportering.

Budsjettet er førande

Hovudsatsingane innan næringsutvikling i 2016 er dei same som i verdiskapingsplanen:

Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringer
- Fornybar energi
- Olje og gass
- Reiseliv
- Landbruk
- Industristrategi

I tillegg kjem omstillingssarbeidet i kommunane.

Regional plan for verdiskaping vart vedteken i juni 2014, og legg føringar for arbeidet frå 2015. Hovudsatsingane innanfor næringsutvikling i 2016 samsvarar med satsingar som er peika på i planprogrammet. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må sikre nok handlingsrom til å følgje opp planen. Innovasjon Norge har ansvar for gjennomføring av arbeidet med «Kunnskapsintensive forretningsmessige tenesteytande næringer» og «Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane».

Fylkeskommunen ynskjer å stø initiativ knytt til det grøne skiftet. Det er viktig at Innovasjon Norge, gjennom å stø gode prosjekt, kan vere med å løyse ut denne satsinga.

Det er også viktig å koordinere innsatsen gjennom Innovasjon Norge med midlar forvalta av andre aktørar, mellom anna gjennom INU-FSF (foreininga som forvaltar midlar til kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora). Dette må avklarast nærmare i styringsdialogmøta.

Rolledeling

Eit eige notat som klargjer arbeidsdelinga mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge, og Innovasjon Norge og kommunane, skal ligge ved oppdragsbrevet. Framlegg til slikt notat ligg ved denne saka.

2. Tilråding

Fylkessdirektøren for næring tilrår at:

1. Hovudutval for plan og næring godkjenner tilsegnsbrev og føringar 2016 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge 2016 slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for plan og næring godkjenner retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker 2016 slik dei går fram av vedlegg 2.
3. Hovudutval for plan og næring har ein intensjon om å løyve 5 % av midlane frå Statsbudsjettet kap. 551, post 61, kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift, til bedriftsretta tiltak forvalta av Innovasjon Norge. Desse midlane skal hovudsakleg nyttast innan kommunane Førde, Sogndal og Flora. Løyvinga vert først gjort gjeldande etter at ramma for 2016 er kjend og handsama av hovudutvalet.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)